



## Statens vegvesen

BKK NETT AS  
Postboks 7050  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
19/105130-7

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.09.2019

### Byggegrense – Dispensasjon – E39 – gnr. 217 bnr. 3 – Lindås kommune

Vi viser til søknad av 02.09.2019.

#### **Vedtak**

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot E39 for å oppføre nettstasjon på gnr. 217 bnr. 3 i Lindås kommune.

#### **Vilkår for dispensasjonen**

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 02.09.2019.
2. Avstanden frå bygning (inkludert takutspring) til senterlina på E39 skal vere minst 17 meter.
3. Bygninga må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær E39.
5. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

#### **Bakgrunn for vedtaket**

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

BKK har levert søknad med ny plassering av nettstasjonen. Den nye plasseringa ligg litt lengre nord, og er flytta ut av planområdet til reguleringsplan *E39 Eikefet – Romarheim*. Vi meiner dette er ein akseptabel plassering i høve til veganlegget. Arealet er avsett til *Landbruk-, natur- og friluftsføremål* (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Statens vegvesen skal difor fatte vedtak etter veglova.

Det er etter dette ikkje naudsynt for kommunen å handsame vår klage datert 27.08.2019. Søker må sjølv sørge for naudsynte løyver frå kommunen for å oppføre bygget.

Vi minner også om at tiltaket kan krevje søknad om arbeidsvarsling og / eller graveløyve. For meir informasjon sjå;

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravetillatelse>

### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6863 Leikanger, eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppeleiar

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

### **Vedlegg**

Veglova [§29](#), [§30](#), [§34](#), [§35](#), [§38](#)  
Situasjonsplan datert 02.09.2019

Kopi: Lindås kommune